

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	31.08.2022
Vår referanse	2022/64689-2
Dykkar referanse	20/16463 - 22/45231
Sakshandsamar	Anders Søyland
E-post	Anders.Soyland@vlfk.no
Telefon	40427671

Høyringsmerknad - Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - Alver kommune

Alver kommune har gjort eit grundig arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer og kartlagt mange stiar, turvegar og andre ferdselsårer. Kommunen har følgd miljødirektoratet sin rettleiar for plan for friluftslivets ferdselsårer. Planen har gode målformuleringar og ei fornuftig avgrensing av planarbeidet.

Til planen er det lagt ved 20 kartblad der dei kartlagde ferdselsårene er markert. Ein god del turruter er allereie lagt inn i kartverket sin turrute-database og gjort tilgjengeleg i offentlege kart som t.d. Norgeskart. Det ser likevel ut til at ikkje alle dei kartlagde ferdselsårene er registrert i turrute-databasen. Særleg i nordlege delar av kommunen er det få registrerte turruter i Norgeskart. Vi minner om at alle merka eller skilta turruter skal registrerast i turrute-databasen til Kartverket. Vi tilrår og at det vert registrert tilknytt målpoint som t.d. gapahukar, parkeringsplassar, utsiktspunkt osv. Vestland fylkeskommune kan om naudsynt bistå med innsending av kartdata til Kartverket.

Vi oppmodar om å nytte plan for friluftslivets ferdselsårer aktivt i forvaltninga og utviklinga av stiar og turvegar i kommunen. Planen kan gje grunnlag for å søke offentlege tilskot, som t.d. spelemidlar, for å realisere tiltaksbehova i planen. I samband med utlysing av tilskot til friluftslivets ferdselsårer kan det også søkast fylkeskommunen om inntil 50 000kr til å realisere tiltak i planens handlingsdel (søknadsfrist 1. oktober).

Med helsing

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef
KII - Idrett og friluftsliv

Anders Søyland
seniorrådgjevar
KII - Idrett og friluftsliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift